



Vegard i samspel med den dyktige pianisten Ingrid Andsnes.(Foto: Thor I. Døssland)

Grenda sluttar seg i høg grad til rosen som har vorte Vegard Døssland til del etter kyrkjekonserten i Fjelberg søndag. Morten Nygård skriv at uskedelingen snakka om å hoppa etter Wirkola (etter meisterpianist Ingrid Andsnes). Men Nygård meiner at Vegard ikkje treng å vera beskjeden, for han tek stadig nye steg framover i eigen karriere. Nygård held fram:

'På sin 21-årsdag innleia han med vakre Domen, akkompagnert av Edvard Zahl Pettersen frå Stord. Flygelhornet bar uvanleg godt i kyrkjerommet sin akustikk. Vegard Døssland fekk og opptre saman med Ingrid Andsnes, og dei hausta stor applaus for versjonen av Evert Taube sin 'Nocturne'.'



Arve Fosse(t.v.) deler ut blomar til dei 4 aktørane Ingrid Andsnes, Sølvi Marie Berge, Vegard Døssland og Edvard Zahl Pettersen etter den flotte konserten. (Foto: T.I Døssland)

Nett: Ola Matti Mathisen.